

## Søknad om TILSKOT TIL VERNA KULTURMINNE I HORDALAND

Dato: 31.12.2017

Søkjar: Austevoll kommune

Prosjekt: Formidlingsprosjekt, kulturminne/krigsminne – Melingsvarden.

**Søknad gjeld P1 – Sikring av kulturminne og P2 – synleggjering av kultuminne, begge beskrevet under. Det vert samla søkt om kr. 50.000 frå ordninga Tilskot til verna kulturminne i Hordaland.**

### **Bakgrunn:**

Det vart sommaren 2017 teke eit initiativ til å gjere ein innsats for å sikre- og å synleggjere kulturminne/krigsminne på Melingsåsen, nær Melingsvarden, på Hundvåkøy i Austevoll.

Den 15. januar 1945 vart eit utspilte det seg eit luftslag mellom tyske og britiske fly over Austevoll. Det tyske flyet FW190 med pilot Oskar Helbing styrta ved Melingsåsen i Austevoll. Meir informasjon i [denne](#) artikkelen av Trond Hagenes, redaktør i lokalavisa Marsteinen, av 14. januar 2010. Hendinga er omtalt i ein rekkje kjelder, blant dei 'Eit lite øyrike i Den store krigen' side 364-383.

Ein vrakdel ligg framleis att i terrenget ved Melingsåsen. Posisjonen for denne vrakdelen (storleik cirka 1 meter i diameter) er N 60.06,192 E 005.09,917. Museum Vest/Herdla museum har tidlegare vitja og Melingsåsen, og flymotoren frå FW190 vart då henta ut og frakta til Herdla museum på Askøy.

Initiativet knytt til sikring og synleggjering av kulturminne har no vokst på seg. Melingsåsen Vel har planar for ein aktivitetsplass på Melingsåsen. Denne plassen, kor velforininga ønskjar å få på plass gapahuk, bålpanne/gruve, og leikeapparat ligg i umiddelbar nærleik til overnemnde koordinatar, og eignar seg difor godt som arena for synleggjering av krigsminnet. Velforeininga har allereie planert aktivitetsplassen.

Styrtstaden og aktivitetsplassen ligg og langs traséen for Nordsjøløypa til Melingsvarden, som er ei godt nytta tursti i Austevoll. Dette teke i betraktning, så er dette eit godt høve til å synleggjere både kulturminne og den interessante historia kring kulturminne for både austevollingar og tilreisande i alle aldre. Med dette så vert og folkehelse- og friluftsdimensjonen trekt inn.

### **Kva er gjort:**

Per 31.12.2017 er følgjande aktivitet utført:

- Haust 2017: Koordinering per e-post og telefon med potensielle samarbeidspartnarar i eit eventuelt prosjekt.
- Veke 38, 2017: Møte mellom Austevoll kommune og Melingsåsen vel v/Gjertrud Sæle.
- 12.12.2017: Prosjektmøte mellom Austevoll kommune, Melingsåsen vel v/Gjertrud Sæle, Museum Vest/Herdla museum v/Ole Bjørn Sælensminde og lokalavisa Marsteinen v/Trond Hagenes.
- 12.12.2017: Synfaring på Melingsåsen. Museum Vest/Herdla museum v/Sælensminde og Marsteinen v/Hagenes.

## **Skisserte prosjektpakkar:**

### **P1: Sikring av kulturminne**

Kompetansepartnarar: Hordaland fylkeskommune, Museum Vest/Herdla museum, Austevoll kommune v/prosjektmedarbeidar kulturminne.

Beskriving: Det er bekymring knytt til det faktum at det er ei vaksande marknad for gjenstandar frå 2. verdskrig. Det er ein risiko for at vrakdelen forsvinn dersom den ikkje vert sikra. Museum Vest/Herdla museum vurderar korleis vrakdelen/kulturminne best kan ivaretakast. Hordaland fylkeskommune vert koplå på ved behov. Per 18.12.2017 har følgjande løysingar vore på bordet:

- Vrakdelen vert frakta til Herdla Museum
- Vrakdelen vert flytta nokre hundre meter til aktivitetsplassen på Melingsåsen kor den vert støypt inn for utstilling.
- Vrakdelen vert liggande på plassen den har ligget sidan 1945. Utfordringa med dette alternativet, utover at overnemnde bekymring, er at noverande lokalitet er relativt utilgjengeleg.

Estimert kostnad: 0-50.000 kr

### **P2: Synleggjering av kulturminne**

Kompetansepartnarar: Frivilligheita i Austevoll, Austevoll kommune, Hordaland fylkeskommune, Museum Vest/Herdla museum.

Beskriving: Det er ønskeleg å sette opp 2-3 informasjonsskilt (etter same mal som nytta på Hufthamartunet i 2016) på aktivitetsplassen på Melingsåsen for å synleggjere historia om luftslaget over Austevoll i 1945. Skilta kan og peike til andre relaterte kulturminne i Austevoll frå utsiktspunktet, deriblant rester av eit flyvrak som skal ligge i ein myr på Drøna.

Prosjekt: Arbeidet med tekst og illustrasjonar til skilt vert leia av frivilligheita i Austevoll, nærare bestemt Trond Hagenes, redaktør i lokalavisa Marsteinen. Han har gjort research på denne hendinga, har skrevet fleire artiklar på tema og har bidrege til boka 'Eit lite øyrike i Den store krige'. Hagenes vil bli støtta av Austevoll kommune og Museum Vest/Herdla museum som har god kjennskap til hendinga i Austevoll, og som tidlegare har henta ut vrakdelar frå styrtstaden. Desse er frakta til Herdla.

Austevoll kommune vil sjå til at prosjektet har ein heiskapeleg tilnærming. Gjennom dette prosjektet har vi høve til å sikre kulturminne, og synleggjere kulturminne for både lokale austevollingar og tilreisande. Barnehagar og skuleklassar kan vitje aktivitetsplassen og lere histora. Det same gjeld turgåarar langs Nordsjøløypa. Prosjektet får med det og ein folkehelse- og friluftslivsdimensjon. Dette prosjektet har i så måte eit regional kulturminneverdi. Kommunen vil bidra med informasjon, bestilling av skilt etter mal nytta på Hufthamartunet i 2016, og kommunen (avd. forvaltning, drift og vedlikehald) vil og bidra med fysisk og praktisk arbeid knytt til oppsetting av skilt.

Melingsåsen Vel har og ambisjonar om å få laga aktivitetsapparat på tema. T.d. ein flymodell som kan nyttast av barn og unge og som kan vere eit trekkplaster for barnahagar og skular. Det har og vore diskutert å lage mindre modellar som vert plassert ut i terrenget langs turløypa. Dette kan og knyttast opp til historia frå januar 1945.

Kostnad: 45.000 kr

**Forankring:** Flyslaget over Austevoll under 2. verdenskrig er nemnd i Austevoll kommune sin vedtekte kommunedelplan for kulturminne.

Kapittel 6 i kommunedelplan for kulturminne slår fast at hovudmålet med kulturminneplanen er å styrke kulturminnevernet i Austevoll. I inneverande 4-årsperiode (2016-2020) er følgjande mål lista opp:

1. Auka kunnskapen om kulturminna i kommunen
2. Sikra dokumentasjon og verdisetjing av dei ulike kulturminnetema i kommunen.
3. Sikra god kommunal forvaltning av kulturminna med verneverdi
4. Styrkja kulturminna si rolle som ressurs for utvikling av lokalsamfunnet
5. Fremja arbeidet med å formidla kunnskapen om lokale kulturminne

Dette prosjektet kan sjåast opp mot alle dei fem overnemnde måla i kulturminneplanen. Sjølve skiltinga går inn i punkt 5 over, og følgjande er spesifikt uttrykt i kulturminneplanen.

Mål 5: Fremja arbeidet med å formidla kunnskapen om lokale kulturminne

Tiltak: Skilting av og tilgjengelegheit til kulturminne

**Finansiering:** Dei overnemnde prosjektpakkane vert planlagt finansiert gjennom bidrag frå Austevoll kommune, frivilligheita i Austevoll og Hordaland fylkeskommune gjennom ordninga Tilskot til verna kulturminne i Hordaland. Frivilligheita i Austevoll vert og oppmoda om å søkje kommunal tilskotsordning for dette prosjektet. Austevoll kommune har øyremerkt kr. 100.000 for tiltak retta mot måla i Austevoll kommune sin kulturminneplan – søkbare for frivilligheita i kommunen.

Både frivilligheita i Austevoll og Austevoll kommune vil legge ned stor eigeninnsats i dette prosjektet.

**Framdriftsplan:**

- Vår 2018: Vurdering av sikring av kultuminne, ref. beskriving i P1.
- Vår 2018: Ferdigstilling av tekst og illustrasjonar til skilt. Send til bestilling.
- Sommar 2018: Produksjon av skilt.
- Haust 2018: Montering av skilt.

Det vil parallelt arbeidast med andre tiltak på aktivitetsplassen frå frivilligheita i Austevoll.

På vegne av prosjektgruppa,

Beste helsing

**John Tveit**

Kultur- og næringsjef



E-post: [john.tveit@austrvoll.kommune.no](mailto:john.tveit@austrvoll.kommune.no)

Mob: 980 28 771

[www.austevoll.kommune.no](http://www.austevoll.kommune.no)